



ARKIVVERKET
RIKSARKIVET OG STATSARKIVA

Interkommunalt arkiv i Rogaland
v/ Beate Aasen Bøe

beate.boe@ikarogaland.no

Dykkar ref
05.07.2017

Vår ref.
2017/12665 ESPSJO/JOEN

Dato
07.08.2017

Kassasjon av dagbøker frå bustadar for utviklingshemmande

Vi viser til søknad av 05.07.2017.

Vi stiller oss bak dei vurderingane som er gjort i søknaden. Med heimel i arkivlova § 12, jf arkivforskriften § 3-21 tredje ledd, jf riksarkivarens forskrift del IV, gir Riksarkivaren med dette sitt samtykke til kassasjon av materialet.

Kommunen må sjølv avgjere tidspunkt for kassasjon, med omsyn til administrative og juridiske behov.

Med venleg helsing

Espen Sjøvoll
avdelingsdirektør

Jørgen Engestøl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift



Riksarkivet
Postboks 4013 Ullevål Stadion

0806 OSLO

Vår ref.
17/266-1/FE - 046, FA - C66/93

Dykkar ref.

Dato:
05.07.2017

Søknad om kassering av dagbøker innen helse- og omsorg

På vegne av Hå kommune søker Interkommunalt Arkiv i Rogaland om mulighet for å kassere dagbøker som har blitt brukt i omsorgsbustadar i helse- og omsorgssektoren for psykisk utviklingshemmande.

Hå kommune har i dag rundt 20-30 hyllemeter med slike dagbøker som er skapt av tilsette på ulike bustadar for psykisk- og fysisk utviklingshemmande. Dagbøkene er blitt brukt som orienteringsbøker for dei tilsette og er nok brukt for å skape kontinuitet for brukarane. Dagbøkene er frå tida 1990-2000-talet. Nokre dagbøker er på enkelt brukarar, men majoritet er for fleire brukarar som bur i same bufellesskap. Brukarane på desse bustadene har eigne pasientmapper og eventuell tvang ble oppført i eigne tvangsprotokoller. Dersom det skjedde uønska hendingar, blei ikkje dette ført i dagbøkene.

Opplysningar som står i dagbøkene bære preg av å vere rutinemessige beskjeder og handlar hovudsakleg om kva brukaren har gjort i løpet av dagen. Til dømes: «Besøkt Tore i nr 1», «Vanlig morgonstell, sov dag eg kom, fekk grøt i 13.30-tida», «Har vore på kaffikos hos Bente, elles rolig ettermiddag og kveld», «Var på handletur, har kjøpt seg ny ytterjakke». Av og til er det nokre skildringar av sinnstilstand: «Humøret noe opp og ned», «Har vore glad og fornøgd heile dagen».

I bevarings- og kassasjonsbestemmelsene for fylkeskommunale og kommunale arkiv skapt etter 1950 står det dette under innledene bestemmelser i § 4-18 Helse og omsorg:

«Denne forskriften fastsetter ikke bevaringsbestemmelser for pasient- og journalopplysninger.
a) *Alle pasient- og journalopplysninger skal bevares inntil det foreligger en egen forskrift om slike opplysninger i spesialisthelsetjenesten. Når bestemmelsene om pasientopplysninger i spesialisthelsetjenesten foreligger vil dette kapittelet bli oppdatert*

Med pasient- og journalopplysninger menes dokumentasjon som er skapt om enkeltindivider av
b) *kommunale og fylkeskommunale tjenester som yter helsehjelp og som reguleres av bestemmelsene her.»*

Det vil si at en i dag skal ta vare på alt av dokumentasjon som blir skapt om enkelindivid som er på institusjon. IKA lurer på om disse opplysningane som tidlegare er pasientopplysningar og om dei er nødvendig å ta vare på dei for alltid.

IKA vurderer disse dagbøkene som redundans og ser at den viktigaste dokumentasjonen på disse bebuarane allereie ligg i klientmappene. Opplysningane er rutinemessige og verker å vere arbeidsreiskap for helsepersonellet som var på vakt i bustaden, der hovudformålet var formidling av beskjeder til kvarandre og informere vidare om den aktuelle dagen til brukaren til neste vakttakar.

Med helsing

Beate Aasen Bøe
rådgivar